

**KONTROLLUTVALET  
I GISKE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 01.09.2020 kl.13.00  
Møtestad: Giske rådhus,  
møterom 1. etasje

Møtet vart leia av Dag Oksnes.

Elles til stades: Asbjørn Furnes, Herman Rørvik Blindheim, Sissel Anita Roald og Inger

Johanne Sund

**= 5 voterande**

Ordførar Harry Valderhaug deltok på heile møtet. Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Marianne Stokkereit. Kommunalsjef Lene Bjørlo Overå og einingsleiar Tone Giskegjerde deltok under sak 14/20.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent.

Asbjørn Furnes bad om ei oppdatering på spørsmålet om skatteinntekter frå arbeidskraft frå utlandet under Eventuelt.

<b>Sak 13/20 Godkjenning av møtebok frå møte 12. mai 2020</b>
---

Sakspapir frå sekretariatet datert 25. august 2020.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møteboka frå 12. mai 2020 vart godkjent.

## **Sak 14/20 Rutinar for førebygging og behandling av underernæring i institusjonar v/einingsleiar**

Sakspapir frå sekretariatet datert 25. august 2020.

Det låg ikkje ved innstilling til vedtak frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet fekk ei grundig orientering frå einingsleiar Tone Giskegjerde. Ho gjekk nærare inn på prosedyrar, kartlegging og vurdering av ernæring blant eldre i Giske kommune. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål og diskutere nærare om temaet.

Kontrollutvalet valde å ta orienteringa til vitande.

## **Sak 15/20 Plan for forvaltningsrevisjon Giske kommune**

Sakspapir frå sekretariatet datert 25. august 2020.

### **Innstilling frå sekretariatet:**

### **Innstilling til Giske kommunestyre:**

1. Giske kommunestyre godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgande prioriterte fokusområde:
  - Kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa
  - Rutinar for offentleg innkjøp
  - System for planmessig vedlikehald av kommunale eigedommar
2. Giske kommunestyre gir kontrollutvalet mynde til å foreta endringar av planen i perioden om det er naudsynt.

### **Leiar av kontrollutvalet Dag Oksnes fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande endringsforslag:**

Punkta skal prioriterast og lyde:

1. Ressursbruk i grunnskuleopplæringa
2. Rutinar for offentleg innkjøp
3. System for planmessig vedlikehald av kommunale eigedommar

## **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

### **Innstilling til Giske kommunestyre:**

1. Giske kommunestyre godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgende prioriterte fokusområde:
  1. Ressursbruk i grunnskuleopplæringa
  2. Rutinar for offentleg innkjøp
  3. System for planmessig vedlikehald av kommunale eigedommar
  
2. Giske kommunestyre gir kontrollutvalet mynde til å foreta endringar av planen i perioden om det er naudsynt.

<b>Sak 16/20 Forslag til reglement for Giske kontrollutval 2020 - 2023</b>
--

Sakspapir frå sekretariatet datert 25. august 2020.

### **Innstilling frå sekretariatet:**

Giske kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement for perioden 2020 – 2023.

### **Leiar av kontrollutvalet Dag Oksnes fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande endringsforslag:**

Punkt 5.2, andre avsnitt, fyrste setning i reglementet skal lyde:

Utvalet sin leiar eller den leiaren peikar ut skal syte for at møteretten vert nytta.

**Endringsforslaget blei samrøystes vedtatt.**

## **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Innstilling til Giske kommunestyre:

Giske kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement for perioden 2020 – 2023.

## **Sak 17/20 Budsjett 2021 Giske kontrollutval**

Sakspapir frå sekretariatet datert 25. august 2020.

## **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet sitt budsjettforslag til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 40.000,-.
2. Giske kommune sine kostnader til kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA vurderast til kr 800.000,-.
3. Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2021, men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr. Forskrift om kontrollutval i kommunar, § 2 budsjettbehandlinga.

---

## **Eventuelt:**

Ordførar Harry Valderhaug opplyste at han munnleg hadde vore i kontakt med ei større bedrift i kommunen når det gjaldt skatteinntekter frå utanlandske arbeidstakarar. Ordføraren opplyste at denne bedrifta ikkje var omfatta av problemstillinga. Ordføraren vil diskutere temaet nærare i formannskapet.

Neste møte blei avtalt flytta frå tysdag 3. november **til tysdag 17. november 2020.**

Møtet var slutt kl. 14.45

Dag Oksnes leiar (sign.)	Asbjørn Furnes nestleiar (sign.)	Herman R. Blindheim medlem (sign.)	Sissel Anita Roald medlem (sign.)	Inger Johanne Sund medlem (sign.)
--------------------------------	--	--	---	---